

LES DETTE OM BEVIS!

Skal du senda inn ei klage?

- Husleietvistutvalet avseier ikkje fråversdommar der den parten som ikkje svarar tapar automatisk, slik at klagaren dermed får det han krev.
- Husleietvistutvalet må avgjera krava i saka etter vanlege reglar om vurdering av bevis. Det vil seie at vi må bruka dei opplysningane vi har fått og avgjera saka ut frå det faktum som er sannsynleg.
- For å kunna få medhald i kravet ditt, må du difor gje ein grunn for kravet og bevisa det du skriv. Bevis er ekstra viktig dersom de er usamde om kva som har skjedd.
- Bevis kan til dømes vera:
 - underskrivne inn- og utflyttingsprotokollar,
 - bilete,
 - skriftlege erklæringar frå partar og/eller vitne,
 - skriftlege rapportar frå fagfolk,
 - kvitteringar,
 - seriøse skriftlege tilbod om utbetring av oppståtte skadar / manglar osv.
 - utskrift frå namsboka om gjennomført utkasting
 - utskrift frå nettbanken over utførte betalingar
- Dersom du har fleire krav i den same saka, må du skilja krava frå kvarandre. Du kan ikkje samla krava i éin samlepost eller «hovudstol», fordi ulike typar krav ofte har ulike årsaker og bevis og må avgjerast etter ulike reglar. For at Husleietvistutvalet skal kunna avgjera krava, er det viktig at du prøver å forklara og bevisa kvart einskild krav.

Skal du senda inn tilsvar?

- Dersom du er klaga inn, er det viktig at du svarar skriftleg på klaga om du godtek krava eller ikkje med ein grunn, og sender oss dei bevisa du har for at det du meiner må vera rett.
- Dersom klaga eller svaret ditt er mangelfullt, tek det ofte lengre tid å få handsama saka fordi vi må spørja deg om opplysningar. Dessutan risikerer du å tapa på grunn av for dårleg forklaring eller bevis.

Meir informasjon på www.htu.no.